



Skal bu i prestebustaden på Valen: Ragnhild, Ole Kristian og Per Kristian. (Foto: Privat)

Den nye soknepresten i Uskedalen, Ole Kristian With Due (26), vert innsett i tenesta i Uskedalen kyrkje søndag føremiddag.

Han skal gjere teneste i Uskedalen sokn og i Husnes og Holmedal sokn, ha kontor på Husnes kyrkjekontor og bu i prestebustaden på Valen.



Sokneprest Ole Kristian With Due

Innsetjingsgudstenesta vert leia av prost Svein Arne Theodorsen og Ole Kristian With Due og koret Røysterett for alle deltek. Takkofferet denne dagen går til Misjonshøgskulen i Stavanger, der den nye soknepresten har fått si utdanning til prest.

Etter gudstenesta vert det velkomstfest i Valen kyrkje.

Sokneprest Jan Ove Totland vonar at mange frå begge sokn vert med på innsetjingsgudsteneste og velkomstfest. Han minnar om at dette også vert ei markering av at dei to sokna no vert knyta saman ved felles presteteneste og tilknytning til Husnes kyrkjekontor.

Den nye soknepresten er oppvaksen i Hamarøy i Nordland og budde i Molde frå han var 10 år.

I den seinare tid har han vore feltprest ved Bodø Hovedflystasjon. I si teneste i dei to sokna i Kvinnherad skal han ha eit særleg ansvar for konfirmantarbeid, dåpsopplæringsplan og kontakt mellom kyrkje, skule og barnehage.

Den nye soknepresten gler seg veldig og seier til Grenda at han har vorte varmt motteke av mange hyggelege menneske i Kvinnherad. Han trur jobben blir allsidig og kjekk.

Kona Ragnhild var prestevikar her sommaren for 2 år sidan og fekk eit veldig godt inntrykk av jobben og plassen.

Ho skal snart fullføra sitt prestestudie - også ho i Stavanger.

Av Ola Matti Mathisen



Ole Kristian With Due då har vart ordinert som prest. (Foto: Kvinnheringen)